

Vedlegg 5



## Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
16/4943-6

Deres referanse:

Vår dato:  
13.04.2016

### Oversending av klage på sakshandsaming – Ny avkjørsel – Fv. 219 – gnr. 18 bnr. 22 – Askøy kommune

Vi viser til brev av 17.03.16 frå Westplan med klage på Statens vegvesen si avvising av handsaming av ovannemnde klage.

#### Kva saka gjeld

Statens vegvesen avslo søknad om etablering av ny avkjørsle på Fv219 frå gbnr 18/22 m fl den 19.01.16. Brev med orientering om avslaget vart sendt ut same dato. Klagefristen i denne saka er på 3 – tre veker i samsvar med Forvaltningslova § 29.

Slik vi forstår på orienteringa i frå Johan Holm Andersen (Westplan) var han på ferie i utlandet då avslaget vart sendt ut. Vedkomande var likevel tilbake og vart klar over avslaget 06.02.16. Det var då enno tid igjen av klagefristen. Statens vegvesen vart i dette tidsrommet ikkje orientert om at Westplan ville påklage vedtaket vårt. Vi mottok klage på vedtaket først 24.02.16, etter at klagefristen hadde gått ut, jfr § 29 i FVL. I brev av 03.03.16 har vi orientert søkjar om korleis vi oppfattar situasjonen og at vi kom til å avvise handsaminga av klaga, jfr § 34 i FVT. Westplan har påklaga dette i brev av 17.03.16.

Statens vegvesen meiner vi har fått klage på vedtaket etter at klagefristen var gått ut. Vi har forståing for at folk er på ferie, men set føre at firma som driv med planarbeid har innarbeidd rutinar som gjer at dei kan vere oppdatert på saksgangen i dei sakene dei er involverte i. I tillegg er det stadfesta at vedkomande var orientert om vårt vedtak ei tid før klagefristen gjekk ut. Det var då mogleg å sende ein kort informasjon til oss om at det ville bli sendt ein klage. Dette mottok vi ikkje.

Søkjar har no klaga på at Statens vegvesen ikkje har handsama klagen. Vi ser ikkje at det er komen oss i hende ny informasjon i saka og står fast ved korleis saka er handsama. Vi sender difor med dette saka over til Fylkesmannen for endeleg handsaming.

Postadresse  
Statens vegvesen

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

Olav Finne  
Avdelingsdirektør

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Kopi  
Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ  
Johan Holm Andersen, Skorafjellet 37, 5360 KOLLTVEIT

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*